



### **Informasjon om ny nasjonal ordning for redusert foreldrebetaling i barnehage**

Frå 1.mai 2015 er maksimalprisen i barnehage endra til kr. 2.580 kroner. Samstundes vert det innført ei nasjonal ordning som skal sikre at ingen hushaldningar betalar meir enn 6 % av bruttoinntekta si for ein barnehageplass. Kommunen som barnehagemyndede har ansvar for ordninga, som både gjeld for kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.

Ordninga med redusert foreldrebetaling i barnehage er søknadsbasert. Det vil seie at husstanden må søkje om redusert foreldrebetaling, det er ikkje noko ein får automatisk. Det skal som hovudregel søkjast for eitt barnehageår om gongen. Det er også mogleg å søkje om redusert foreldrebetaling i løpet av barnehageåret om hushaldninga si samansetjing og inntektssituasjon vert endra vesentleg og varig, eller om barnet byrjar i barnehage midt i året.

Føresetnad for eventuell reduksjon i foreldrebetalinga er at barnet er busett og folkeregistert i Fjell kommune, og at det har plass i offentleg godkjent kommunal eller ikkje-kommunal barnehage.

Med i husstanden reknast ektefeller, registrerte partnerar og sambuarar. Som sambuarar vert rekna to ugifte personar over 18 år som bur saman, og som har budd saman i eit ekteskapsliknande forhold i minst 12 av dei siste 18 månadane eller har felles barn. Bur eit barn fast hos begge foreldra (delt bustad), skal foreldrebetalinga reknast ut frå inntekta i husstanden der barnet er folkeregistrert.

Nyaste sjølvmelding skal leggest ved søknaden som dokumentasjon. Sjølvmeldinga vil normalt innehalda dei fleste skattepliktige kapital- og personinntekter. Dersom det er skattepliktig kapital- eller personinntekt som ikkje er registrert på sjølvmeldinga, er søkjar pliktig til å opplysa om dette på søknadsskjemaet.

Dersom inntekta har endra seg vesentleg og varig sidan siste sjølvmelding, eller om søkjar ikkje kan legge fram sjølvmelding t.d. av for kort butid i landet, kan søkjar leggja fram anna dokumentasjon på inntekt.

Det vert elles gjeve søskenmoderasjon – 30 % i foreldrebetaling for 2.barn og 50 % for 3.barn eller fleire – dersom familien har fleire barn som fast bur saman og går i barnehage.

De finn søknadsskjema for redusert foreldrebetaling på Fjell kommune sine heimesider:

<https://www.fjell.kommune.no/Tjenester/Tenestebeskrivelser/Barnehageplass/Redusert-barnehagebetaling/>

Skjemaet må skrivast ut og sendast til NAV Fjell, PB 143, 5341 Straume.

Meir informasjon om ordninga kan de finna på utdanningsdirektoratet sine nettsider og i forskrift om foreldrebetaling i barnehagar eller ta kontakt med NAV::

<http://www.udir.no/Barnehage/Regelverk/Foreldrebetaling/>

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-12-16-1478?q=forskrift+om+foreldrebetaling#%C2%A73>